

## Saksprotokoll i fylkestinget - 13.06.2017

Stein Inge Ryssdal (H) og Tor André Ljosland (KrF) stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er styremedlemmer i Bergen Bompengeselskap AS. Ryssdal og Ljosland gjeikk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at Stein Inge Ryssdal og Tor André Ljosland var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Stein Inge Ryssdal og Tor André Ljosland gjeikk frå under behandlinga av saka. Nils Kåre Skoge (H) møtte for Ryssdal.

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. «Bymiljøtunnelen» er ikke et tiltak som er i tråd med målsettinger for tydeligere ivaretagelse av klima- og miljøhensyn eller vedtatt mål i Bergen bystyre om reduksjon i personbiltrafikken med 10 % innen 2020 og 20 % innen 2030.
2. Fylkestinget understreker at det er helt nødvendig å unngå en økning av den samlede vegkapasiteten for privatbiltransporten i Bergen, dersom vi skal nå målene om reduserte klimagassutslipp, god luftkvalitet og reduksjon i personbiltrafikken med 10 % innen 2020 og 20 % innen 2030.
3. Fylkestinget vil utrede en fase II for bybanen med hurtiglinjer etter at bybanen er bygget til alle bydeler.»

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Alternativt forslag til innstillinga (pkt. 1 og 2):

Hordaland fylkesting avviser bompengesøknaden datert 12.mai 2017 for ny bypakke for Bergen 2018-2037.

Denne søknaden er etter fylkestinget si vurdering basert på ein grunnleggjande feilaktig modell for finansiering av kollektivtransportutbyggjninga. Finansiering via fleire bomstasjonar og høgare bompengesatsar avsporar debatten og engasementet om gode, framtidsetta kollektivtransportløyseringar.

Istaden får vi ein debatt om plassering av nye bomstasjonar, bompengetakstar og verknaden av bompengar for innbyggjarane og næringsdrivande.

Hordaland fylkesting krev at finansieringa av ei storstilt kollektivutbyggjninga i Bergen og dei andre storbyane fullt ut blir finansiert med statlege midlar.»

**Silje Hjemdal (Frp)** sette fram slik protokollmerknad:

«Frp mener at nok er nok når det gjelder bompengeneinnkreving i Bergen, og stemmer imot forslaget. Frp mener det er feil at bilistene skal betale for kollektivløyseringar som de selv ikke vil ha nytte av. De differensierte bompengene slik de er fremlagt vil ramme dem som har minst fra før og vil være svært usosialt. Denne usosiale bompengeneinnkrevingen gjør at de med lavest inntekt, og med de eldste og dårligste bilene, finansierer de som har råd til dyre elektriske biler. Slik usosial beskatning kan Frp ikke være med på. For at næringslivet skal ha en levedyktig framtid i byen vår, bør tilgjengelighet og kostnaden for varetransport være gunstig for næringslivet i Bergen. Bompengene slik de fremkommer er ikke gunstig for næringslivet.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, Sp, SV, KrF, H, V og MDG fram slikt forslag:

«Punkt 3 vert endra til:

På bakgrunn av mangelfull statleg oppfølging av finansielle forpliktingar i Bergensprogrammet sidan 2002 samt dei store utfordringane framover for å sikre at all vekst i persontransporten vert teken av kollektivtransport, sykkel og gange, bør den statlege delen av finansieringa av bybaneutbygginga i framtidige avtalar aukast til minimum 70%.»

### **Røysting**

Det var 56 representantar til stades.

Kollbotn sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Innstillinga punkt 1 og 2 vart vedteken mot 8 røyster (Frp, R).

Rasmussen sitt forslag vart vedteke mot 8 røyster (Frp, R).

Hammer sitt forslag fekk 7 røyster (SV, MDG, R) og fall.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget tilrår bompengesøknaden datert 12.5.2017 for ny bypakke for Bergen, 2018-2037.
2. Fylkestinget utvidar garantiperioden for bomringen i Bergen til 2037.
3. På bakgrunn av mangelfull statleg oppfølging av finansielle forpliktingar i Bergensprogrammet sidan 2002 samt dei store utfordringane framover for å sikre at all vekst i persontransporten vert teken av kollektivtransport, sykkel og gange, bør den statlege delen av finansieringa av bybaneutbygginga i framtidige avtalar aukast til minimum 70%.

### **Protokollmerknad frå Frp**

FrP mener at nok er nok når det gjelder bompengene i Bergen, og stemmer imot forslaget. FrP mener det er feil at bilistene skal betale for kollektivløsninger som de selv ikke vil ha nytte av. De differensierte bompengene slik de er fremlagt vil ramme dem som har minst fra før og vil være svært usosialt. Denne usosiale bompengeneinnkrevingen gjør at de med lavest inntekt, og med de eldste og dårligste bilene, finansierer de som har råd til dyre elektriske biler. Slik usosial beskatning kan FrP ikke være med på. For at næringslivet skal ha en levedyktig fremtid i byen vår, bør tilgjengelighet og kostnaden for varetransport være gunstig for næringslivet i Bergen. Bompengene slik de fremkommer er ikke gunstig for næringslivet.